

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam heradsstyre			ANHE

Avgjerd av:	Arkiv: N-104	Arkivsaknr
Saksh.: Hans Atle Soldal	Objekt:	07/1861

Uttale til Sørheim-utvalet si innstilling om inntektssystemet for kommunane

Samandrag:

Regjeringa oppnemnde det tverrpolitiske Sørheim-utvalet i desember 2006. Mandatet var å sjå på fordelinga av kommunen sine inntekter mellom skatteinntekter og rammeoverføringar, og å sjå på "eit sikkerhetsnett" for avvik mellom forventa og faktiske skatteinntekter.

Sørheim-utvalet leverte 26. okt. 2007 innstillinga om endringar i deler av inntektssystemet. Kommunal og regionaldepartementet har gjeve kommunane frist til 28. januar om å koma med uttale.

KS har i tillegg oppmoda alle kommunar om å senda inn synspunkt og kommentarar til KS innan 9. januar, fordi departementet ønskjer at KS samordnar høyringsuttalene frå enkeltkommunar.

Sørheim-utvalet har sett på elementa skatt, selskapsskatt, inntektsutjamning, distriktpolitiske tilskot, vektst, fråflytting og befolkningsoppdatering, skjønnsmidlar og overgangsordning, og har skiftande fleirtal for ulike deler av innstillinga si.

Kvam herad meiner Sørheim-utvalet sine forslag er eit skritt i rett retning for at alle innbyggjarar i dei ulike kommunane kan oppleve eit likeverdig velferdstilbod i tråd med grunnleggjande nasjonale føringar. Forslaget går likevel ikkje langt nok, og det må til ei større utjamning av skatteinntektene om kommunane skal ta sitt ansvar for å gje likeverdige tenester. Dersom skatteinntektene er for stor del av inntektene, vil det medføre at innbyggjarar i kommunar som har høge skatteinntekter opplever eit betre tenestetilbod. I utgangspunktet kan dette verka som eit naturleg prinsipp, men fordi inntektssystemet handlar om finansiering av nasjonale velferdstenester som er grunnleggjande for like levekår, vil det vera uheldig med ein høg skattedel. Difor må rammetilskotet sin del av inntektssystemet aukast, slik at innbyggjartilskotet vert auka frå å utgjera ¼-del til ½-parten av utgiftsbehovet.

Selskapsskatten bør fjernast som kommunal skatteinntekt. Den er skeivt fordelt på kommunane, har store variasjonar frå eit år til eit anna, og er difor lite eigna til å finansiera sentrale og viktige velferdstilbod.

Kvam herad støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å samla ulike distriktpolitiks tilskot i eit tilskot, der kriteria vert kopla til formålet om å ta i bruk heile landet, men det bør vurderast å etablera eit eige regionssentertilskot for å stoppa utflytting frå utkantane i regionale sentra.

Befolkningsoppdatering i inntektssystemet bør vera 1. juli året før budsjettåret, for å sikra at det er samsvar med budsjetteringsgrunnlaget. Det bør også etablerast eit vektstilskot for kommunar som har ekstra stor tilflytting.

Skjønnsmidlane må framover avgrensast til å kompensera for spesielle lokale forhold som kostnadsnøklane ikkje tek omsyn til.

Kvam herad meiner det ikkje er grunnlag for å endra den føreseielege oversgangsordninga vi har i dag, då vi kan rekna på eigen kommune utan å kjenna utviklinga for alle kommunane i landet.

Tilrådinga til vedtak frå Kvam herad byggjer på ein gjennomgang som økonomiforbundet i KS i Buskerud, Telemark og Vestfold har gjort.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradstyre sluttar seg til rådmannen sine merknader til Sørheim-utvalet si innstilling om inntektssystemet for kommunane.

Overordna ansvar

1. Regjeringa og Stortinget har det nasjonale ansvaret for innbyggjarane si velferd. Regjeringa og Stortinget må difor sikra at inntektssystemet legg til rette for at alle innbyggjarar i landet skal oppleve å få eit likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Skatteandel:

2. Rammetilskotet må aukast på bekostning av skatteinntektene, slik at innbyggjartilskotet vert auka frå å utgjera $\frac{1}{4}$ av utgiftsbehovet til å utgjera minste $\frac{1}{2}$ av utgiftsbehovet.

Selskapsskatt:

3. Kvam herad støttar tilrådinga om at selskapsskatten vert fjerna som kommunal inntekt. Kommunane får kompensert for selskapsskatt som fell bort ved at kommunane sin del av skatt frå personlege skatteytarar vert auka.

Inntektsutjamninga:

4. Utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalet har føreslått er ikkje tilstekteleg til å seita kommunane i stand til å gje alle innbyggjarar i landet eit likeverdig tenestetilbod. Vi tilrår at den symmetriske delen av inntektsutjamninga vert auka slik at kompensasjonsgrad og trekkprosent vert 75 %. Kommunar med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet skal, slik Sørheim-utvalet føreslår, samla kompenserast med 95 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Desse kommunane må difor, i tillegg til kompensasjonen i den symmetriske delen, kompenserast for 20 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av gjennomsnittet i ein tilleggskompensasjon. Finansieringa av tilleggskompenasjonen skjer ved at alle kommunar vert trekt med ein lik sum pr. innbyggjar.

Distriktpolitisk tilskot:

5. Kvam herad støttar tilrådinga frå Sørheim-utvalet om å samla regionalpolitiske tiltak i eit distriktpolitisk tilskot og at det distriktpolitiske tilskotet vert kopla til det distriktpolitiske verkemiddelområdet. Det bør etablerast eit eige regionssentertilskot for å stoppa utflytting frå utkantane i regionale sentra.
6. Kompensasjon for forhøga arbeidsgjevaravgiftssats, etter tilbakeføringa av ordninga av differensiert arbeidsgjevaravgift, vert overført frå skjønnsmidlane og lagt inn som eige kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Befolkningsoppdatering og vekst:

7. Kvam herad støttar Sørheim-utvalet som tilrår å endra teljedato til 1. juli i året før budsjettåret, for å sikra at det er samsvar med budsjetteringsgrunnlaget.
8. Kvam herad støttar Sørheim-utvalet si tilråding om eige veksttilskot.

Skjønnsmidlar:

9. Kvam herad støttar Sørheim-utvalet si tilråding om ei opprydding i skjønnsmiddelramma.

Overgangsordninga:

10. Kvam herad tilrår at overgangsordninga som gjeld vert ført vidare.

Sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Forslag til forbedring av overføringsystemet for kommunene (Sørheim-utvalet)

<http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Rapporter/israpport.pdf>

Saksopplysningar og kommentar:

Det tverrpolitiske "Sørheim-utvalet" vart oppnemnd etter at Regjeringa hadde gjennomgått høyringsuttalene til NOU 2005:18 "Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner".

I mandatet til Sørheim-utvalet formulerte Regjeringa den overordna målsettinga:

" Inntektssystemet er et system for fordeling av den økonomiske rammen for de frie inntektene på kommuner og fylkeskommuner, slik at kommunene og fylkeskommunene blir satt i økonomisk stand til å gi innbyggerne et likeverdig tjenestetilbud uavhengig av hvor i landet man er bosatt.

I tillegg til å sikre innbyggerne grunnlag for et likeverdig tjenestetilbud skal inntektssystemet bidra til et bosettingsmønster slik at hele landet tas i bruk."

Om verkemiddel:

" Et likeverdig tjenestetilbud skal oppnås gjennom inntekts- og utgiftsutjevningen, mens tilrettelegging for et ønsket bosettingsmønster skal oppnås gjennom de regionalpolitiske virkemidlene.

De regionalpolitiske virkemidlene i dagens rammetilskudd består av Nord-Norge-tilskudd, regionaltilskudd og kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgiveravgift.

Det ordinære skjønnstilskuddet, d.v.s. skjønnstilskudd eksklusiv kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgiveravgift, er et supplement til innbyggertilskuddet og skal bl.a. ivareta spesielle lokale forhold som ikke fanges opp av den kriteriebaserte utgiftsutjevningen. I tillegg benyttes skjønnstilskuddet til å fange opp uforutsette hendelser og til å finansiere utviklingsprosjekter."

Kommunane har ein heilt sentral rolle som leverandør av velferdstenester. Undervisning og helse- og omsorgstenester utgjør hovudtyngda av dei tenesteområda som inntektssystemet skal finansiera. Det er grunnleggjande for innbyggjarane sin livskvalitet at tenestetilbod på desse områda i dei ulike kommunane er likeverdige for å oppnå ei rimeleg utjamning av levkåra i landet. Når barnehagane vert innlemma i inntektssystemet, vil tenesteområda i inntektssystemet utgjera 80 % av driftsutgiftene i kommunane.

Ved innføring av inntektssystemet i 1986 vart det lagt vekt på at kommunane skulle sikrast lik evne til å gje innbyggjarane velferdstenester. Enno er ikkje staten i mål. Forskning har vist at variasjon i inntekt mellom kommunane kan forklara mykje av variasjon i tenestetilboda.

Sørheim-utvalet har sett på elementa skatt, selskapsskatt, inntektsutjamning, distriktpolitiske tilskot, vektst, fråflytting og befolkningsoppdatering, skjønnsmidlar og overgangsordning, og har skiftande fleirtal for ulike deler av innstillinga si.

Skattedelen

Kommunesektoren sine skatteinntekter omfattar skatt på inntekt og formue, eigedomsskatt, selskapsskatt og andre produksjonsskattar, m.a. konsesjonsavgift, konsesjonskraftinntekter og naturressursskatt.

Dei frie inntektene utgjør om lag 70 % av kommunesektoren sine samla inntekter. Tidlegare regjeringar hadde som mål at skatteinntektene skal utgjera ca. 50 % av kommunesektoren sine inntekter. M.a. som følgje av dette har skattedelen auka frå 44,2 % i 2000 til 49,7 % i 2006.

For 2007 vart det rekna at skattedelen vil utgjera om lag 48 %.

Den planlagde målsettinga om auka skattedel har gått på bekostning av rammetilskotet. Medan innbyggjartilskotet vert fordelt på kommunane med like store summer pr. innbyggjar, er det store skilnader i kommunane sine skatteinntekter. I 2006 utgjorde innbyggjartilskotet berre ¼ del av det utgiftsbehovet som det var trong for til tenesteområdet til inntektssystemet. Dette betyr at ¾ av tenestetilbodet vart finansiert med skatte- og andre inntekter.

Sørheim-utvalet tilrår at skatteinntektene framleis skal utgjera rundt 50 % av kommunen si samla inntekter.

Våre kommentarar:

Ein høg skattedel fører til at kommunane, slik vi opplevde i 2006, på same måten som staten dreg nytte av økonomiske oppgangstider med ein generell auke i skatteinntektene. På den andre sida er det òg tradisjon for at regjeringar ikkje viderefører "ekstra skatteinntekter" i komande budsjettår. Høg skattevekst kan difor berre nyttast til eingongsutgifter. Høg skattedel kan også nyttast når regjeringa treng argument for å stramma inn ved lågkonjunktur og svak utvikling i skatteinntektene. For kommunane, som tilbyr tenester der løn er største utgiftsposten, vil høg skattedel vera positiv for å finanseira lønsoppgjeret i kommunane. Dette betyr mest dei åra lønsveksten for alle gruppene vert betydeleg høgare enn regjeringa føresette i statsbudsjettet.

Når Sørheim-utvalet legg opp til at skatteinntektene skal utgjera så stor del av inntektene, vil det medføra at innbyggjarar i kommunar som har høge skatteinntekter skal oppleve eit betre tenestetilbod enn innbyggjarar i kommunar med låge skatteinntekter. I utgangspunktet vil dette verka som eit naturleg prinsipp, men fordi inntektssystemet handlar om finansiering av nasjonale velferdstenester som er grunnleggjande for like levkår, vil det vera uheldig med høg skattedel. Det vil vera rettare at innbyggjartilskotet finansierer heile utgiftsbehovet. Dette vil føra til større direkte finansiering av tenestetilbodet gjennom kostnadnøkane, og rammetilskotet går meir i retning av at pengane føl brukarane av kommunale tenester.

Selskapsskatt

er i hovudsak skatt frå aksjeselskap. Skatteøren er 28 %, og kommunane får tilført ein del av selskapsskatten etter ein kommunal sats på 3,5 % . Då Rattsø-utvalet la fram si delutgreiing II om finansiering av kommunane, tilrådde utvalet å avvikla selskapsskatten som kommunal skatt og kompensera dette ved å auka den kommunale skatteøren frå forskotsppliktige skatteytatar. Bakgrunn for dette var at selskapsskatten var veldig skeivt fordelt på kommunane og vanskeleg å budsjettera m.a. på grunn av konjunkturutviklinga. I 1999 vedtok difor Stortinget at skatt frå etterskotspliktige skulle verta ein rein statsskatt. Ein del av selskapsskatten vart likevel kommunal att i 2005. Inntektene frå selskapsskatten vert gjort kjent i kommuneøkonomiproposisjonen, men er ikkje noko tilleggsinntekt for kommunesektoren, fordi rammetilskot og skatt frå forskotsppliktige i 2005 vart redusert tilsvarande. Eit viktig argument for å føra tilbake ein del av selskapsskatten var at dette skal gje lokalpolitikarar insentiv til å driva næringsutvikling. Sjølv om fordeling av selskapsskatten tek utgangspunkt i lokaliseringa av arbeidsplassane i den enkelte verksemda, er det store skilnader knytta til selskapsskatten. Meds dei 5 største kommunane har 25 % av innbyggjarane, mottok desse kommunane 50 % av selskapsskatten i 2007.

Sørheim-utvalet tilrår at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør i dag, vert lagt på skatt frå personlege skatteytatar. Grunngevinga er at det er stor variasjon i selskapsskatten mellom kommunane, i tillegg til at selskapsskatten er lite stabil og dermed lite føreseieleg. Sørheim-utvalet har heller ikkje funne dokumentasjon om at selskapsskatten fører til auka insentiv til næringsutvikling.

Våre kommentarar:

Tilrettelegging for etablering av nye og sikring av eksisterande arbeidsplassar har høg prioritet hjå lokale politikarar, ikkje minst i storbyane. Arbeidsplassar nær bustad er eit velferdsgode for innbyggjarane fordi disponibel fritid har stor verdi, samtidig som eit variert arbeidstilbod gjev valfridom for innbyggjarar og livskraftige og robuste lokalsamfunn. Høg yrkesaktivitet vil òg bidra til å halda sosialhjelpsutgiftene nede.

Stabilitet i tenestetilbodet over tid er viktig for innbyggjarane og for næringsdrivande.

Selskapsskatt har store variasjonar frå eit år til eit anna og er difor lite eigna til å finansiera sentrale og viktige velferdstilbod.

Bustadkommunen har ansvar for å dekkja etterspørselen etter velferdstenester. Når om lag 72 % av kostnadsnøkkelen er knytta til dei aldersfordelte kriteria, er det også rettast at kommunanen hentar skattedelen av finansieringa frå innbyggjarane, d.v.s. skatt på inntekt og eiga framfor selskapsskatt.

Inntektsutjamning.

Nivået på skatteinntekten frå personlege skatteytatar og selskapsskatten påverkar altså volum og kvalitet på dei kommunale tenestene. Det er stor store variasjonar i kommunane sine skatteinntekter rekna pr. innbyggjar. På same måten som ved vurderinga av skattedelen, er utjamninga ei avveging mellom omsynet til lokal forankring og målsettinga om at innbyggjarane i landet skal få tilbod om eit likeverdig velferdstilbod.

Inntektsutjamninga (utjamning av skilnader i skatteinntekter pr. innbyggjar) er endra fleire gonger. Opprinneleg vart kommunane sikra eit visst minstenivå av gjennomsnittleg skatteinntekt på 85 % av gjennom skatteutjammingsmidlane. I 1986 vart det lagt opp til at det generelle tilskotet skulle ta seg av skatteutjamninga (Kommunane i Nord-Norge hadde eit høgare minsteinntektsnivå). Skatteutviklinga medførte at det i St.m. 56 (1986-87) vart tilrådd å innføra ei trekkordning for skatteinntekter som var høgare enn 145 % av landsgjennomsnittet, og i 1989 vart det innført trekk tilsvarende 5 % av skatteinntekter som var høgare enn 110 % av landsgjennomsnittet. Minsteinntektsnivået var då om lag 94 % (med unntak av Nord-Norge, som hadde eit tillegg). Inntektsutjamninga var komplisert, men vart forenkla i 1994, då det vart innført eit minsteinntektsnivå på 96,2 % og innføring av ei trekkgrrensa (mot tidlegare to), med 50 % trekk i skatteinntekter ut over 140 %. Særordninga for kommunane i Nord-Norge vart erstatta av Nord-Norge-tilskotet.

I tråd med tilrådinga frå Rattsø-utvalet fekk kommunar med skatteinntekter under 110% av landsgjennomsnittet kompensert 90 % av differansen mellom egne skatteinntekter opp til 110%, som erstatning for minsteinntektsnivået på 96,2 %. Trekkordninga med 50 % av skatteinntekter ut over 140 % vart ført vidare, men dette nivået vert no gradvis redusert (målet var å redusera dette ned til 130 %). Grunngeving var å dempa omfordelinga frå kommunar med låge skatteinntekter til kommunar med høge skatteinntekter, når ein samtidig hadde ambisjon om å auka skattedelen frå 44 % til 50 % av kommunen sine samla inntekter. Siste året med denne modellen var i 2004, og trekkgrrensa var då kome ned frå 140 til 134 %.

Då ein del av selskapsskatten vart ført tilbake til kommunane i 2005, vart inntektsutjamninga lagt om til den modellen ein har i dag. Ordninga er basert på at kommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert 55% av differansen mellom eige skatteinntekt og landsgjennomsnittet (symmetrisk utjamning). I tillegg får kommunar med lågare skatteinntekter enn 90 % av landsgjennomsnittet ein tilleggskompensasjon på 35 % av differansen mellom egne skatteinntekter opp til 90 %.

Kvam har (i 2006) skatteinntekter på 92,7 % av landsgjennomsnittet før utjamning, etter utjamning med 55 % har Kvam 95,3 %

Sørheim-utvalet tilrår å føra vidare denne modellen samtidig som det vert teke særlege omsyn til kommunar med låge skatteinntekter, men fleirtalet meiner likevel at inntektsutjamninga ikkje er tilstrekkeleg i forhold til å sikra kommunar med svakt inntektsgrunnlag nødvendige ressursar, og tilrår å auka kompensasjonsgraden og trekkprosenten innanfor den symmetriske delen av utjamninga med 5 % opp til 60 %.

Kvam ville då fått skatteinntektene auka til 95,7 % i høve landsgjennomsnittet.

Våre kommentarar

Inntektssystemet har to utjamningsordningar som skal bidra til ei rettferdig fordeling av dei frie inntektene. Rettferdig fordeling knyter seg her til at kommunane får like høve til å gje innbyggjarane ei likeverdig velferdstilbod. Medan utgiftsutjamninga skal sikra at alle kommunar har eit like stort krav til eigenfinansiering av tenesteproduksjonen, skal inntektsutjamninga sikra kommunane tilstrekkeleg med midlar til å klara dette eigenfinansieringskravet.

Inntektsutjamninga utgjer sikringsnettet for eit stabilt tenestetilbod dersom skatteinntektene sviktar lokalt. Dess lågare kompensasjonsgrad og trekkprosent ein nyttar, dess større konsekvensar får eit lokalt fall i skatteinntektene.

Skal ein få ro rundt skatteinntektene, må skattedelen i inntektssystemet reduserast, elles fortset diskusjonen om eigarretten til skatteinntektene, sjølv om det er desse som først og fremst skal finansiera nasjonale velferdstenester. Utjamningsgraden må aukast til 75 % innanfor den symmetriske delen, samt at det vert gjeve ein tilleggskompensasjon på 20 % for skatteinntekter som er under 90 % av landsgjennomsnittet.

Ein betre balanse mellom utgifter og inntekter vil styrkja lokaldemokratiet og interessa for lokalpolitikken. I dag har ikkje kommunane like mykje å rutta med. Skilnaden i tenestetilbodet mellom kommunar skuldast først og fremst ulike inntektsrammer, men også ulike prioriteringar. Med likare økonomiske rammer vil ulike prioriteringar verta synlegare når ein samanliknar nabokommunar og samanlikningskommunar.

I følgje Sørheim-utvalet bør eigedomsskatt framleis vera ein frivillig kommunal skatt som ikkje inngår i inntektsutjamninga, men reelt vil den styrkja eigenfinansieringsevna vesentleg. Andre kommunale inntekter er i stor grad statleg fastsett (tekniske tenester skal vera sjølvfinansierte, betaling i eldreomsorga etter statlege forskrifter) og vil ikkje styrkja eigenfinansieringsevna.

Distriktpolitisk tilskot

Inntektssystemet skal også bidra til å oppretthalda busettingsmønsteret slik at heile landet vert teke i bruk. Difor må små kommunar og kommunane i Nord-Norge få føremonar. I dag vert dette gjort gjennom Nord-Norge- tilskotet (geografi), regionaltilskotet (innbyggjartal) og deler av skjønnsramma.

Sørheim-utvalet tilrår å samla desse i eit nytt distriktpolitisk tilskot, der kriteria for fordeling vert kopla til formålet.

Våre kommentarar:

Det er viktig å sikra berekraftig busettingsgrunnlag over tid. Utflyttinga frå utkantane bør stoppast regionale sentre. Det bør difor vurderast om ein må oppretta eit eige tilskot til regionssenter generelt, slik at desse kan ivareta samfunnsutviklingsrollen og bremsa fråflytting til pressområda.

Utvalet har valt å ikkje inkludera den delen av skjønnsmidlane som kompenserer for forhøya sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføringa av ordninga med differensiert

arbeidsgjevaravgift. Dette burde vore gjort, slik at all distriktpolitikk i inntekssystemet vert samla i eit tilskot.

Vekst, fråflytting og befolkningsoppdatering.

Etterspørselen etter kommunale velferdstenester vert bestemt både av talet innbyggjarar og samansetjinga av befolkninga. T.d. fører mange barn i skulepliktig alder til utgifter til undervisning, medan mange eldre fører til etterspørsel etter omsorgstenester. Inntekssystemet byggjer i hovudsak på at pengane føl innbyggjarane. I dag vert nytta 1. januar i budsjettåret, både i inntekstutjamninga, til fordelinga av innbyggjartilskotet og ved berekning av utgiftsbehovet (utgiftsutjamninga)

Sørheim-utvalet tilrår å oppretthalda oppdateringa av innbyggjartalet ved berekning av inntekstutjamninga, slik at vekstkommunar får rask kompensasjon for nye innbyggjarar. Når det gjeld fordelinga av innbyggjartilskotet og berekning av utgiftsbehovet (utgiftsutjamninga) tilrår utvalet å endra teljedato til 1. juli i året før budsjettåret, for å sikra at det er samsvar med budsjetteringsgrunnlaget. Utvalet føreslår desutan at kommunar som har ein befolkningsauke som er høgare enn det doble av veksten på landsbasis i gjennomsnitt dei siste tre åra (vekstgrensa) og som har lågare skatteinntekter enn 140 % av landsgjennomsnittet i same periode, får eit veksttilskot på kr. 50.000 pr ny innbyggjar ut over vekstgrensa. Dette vert finansiert ved å redusera skjønnsrama med eit like stort prosentvis trekk i skjønnsrama i fylka.

Våre kommentarar:

Det kan vera rett å etablere eit eige veksttilskot. Viktig er det også å skjerma mindre kommunar og fråflyttingskommunar frå inntektsreduksjonar midt i budsjettåret p.g.a. befolkningsoppdatering etter at budsjettet er laga. Difor kan det vera rett å endra teljedatoen til 1. juli før budsjettåret. Alternativt kan befolkningsendringa, dersom ein nyttar 1. januar som teljedato, finansierast av ei sentral avsetjing i skjønnsmiddelramma som kan fordelast samtidig med omfordelinga av rammetilskotet midt i budsjettåret.

Skjønnsmidlar

Det er vanskeleg å fanga opp alle tilhøve som har betydning for kommunane sine utgiftsbehov. Skjønnsmidlane er m.a. eit supplement til innbyggjartilskotet for å ivareta spesielle lokale tilhøve som ikkje i tilstrekkeleg grad vert fanga opp av den kriteriebaserte utgiftsutjamninga og eit verkemiddel til å handtera ekstraordinære hendingar som oppstår undervegs i budsjettåret. Det kan også gjevast kompensasjon til kommunar av regionalpolitiske omsyn.

Sørheim-utvalet tilrår å redusera skjønnsrama ved å overføra midlar til det distriktpolitiske tilskotet, til veksttilskotet og at kompensasjon for endringar i perioden 2002 – 2006 vert lagt til innbyggjartilskotet. Skjønnsmidlane skal etter dette kompensera for spesielle lokale tilhøve som kostnadsnøklane ikkje tek omsyn til, ekstraordinære hendingar som oppstår i budsjettåret, bidra til utviklingsprosjekt, kompensera hyttekommunar som p.g.a. mange fritidsbustader får ekstraordinære utgifter og gje støtte til kommunar med økonomisk ubalanse.

Våre kommentarar:

Vi støttar ei opprydding i skjønnsmidlane. Alle regionalpolitiske midlar bør takast ut av skjønnsmiddelramma, som inneber at også den delen av skjønnsrama som kompenserer kommunar for forhøga sats knytt til tilbakeføringa av differensiert arbeidsgjevaravgift vert overført til det distriktpolitiske tilskotet.

Overgangsordninga:

Kommunane treng stabilitet i inntektsramma for å ta ansvar for nasjonale velferdstenester. Det er difor trong for ei ordning som dempar omfordelingane til kommunane etter endringa i inntekts- og finansieringssystemet. Overgangsordninga vi har i dag vert kritisert for å vera for komplisert.

Sørheim-utvalet tilrår at denne ordninga vert erstatta med ei garantiordning som skjermar kommunar mot endringar i rammetilskotet som er 300 kroner lågare rekna pr. innbyggjar enn den generelle endringa i rammetilskotet på landsbasis. Ordninga skal finansierast ved at alle kommunar vert trekt med ein like stor sum rekna pr. innbyggjar.

Våre kommentar:

Overgangsordning vi har i dag er føreseieleg. Vi kan rekna på eigen kommune utan at vi kjenner utviklinga i alle kommuane. Omlegging i kvart enkelte år står spesifisert i berekningsteknisk dokumentasjon og er oversiktleg.

Innfører ein innbyggjargaranti må ein kommune på 10900 innbyggjarar kunna handtera endringar på 3,3 mill. kroner. Dessutan vil det ta lenger tid for kommunar som får ein auke i utgiftsbehovet å få kompensert for dette, medan kommuane i dag får fullt gjennomslag første året for endring i kriterieverdiane.

For eksempel vert det øymerka tilskotet til kostnadskrevjande brukarar lagt om i 2008, slik at kvar kommune kan rekna på tilskotet sitt på førehand utan å kjenna situasjonen for alle kommunane i landet. Dette har vore eit ønskje frå kommunane i fleire år. Inntektsgaranti-tilskotet går i motsett lei m.o.t. å vera føreseieleg.

Vurdering:

Kvam herad vil tilrå at desse kommentarane til Sørheim-utvalet sine tilrådingar vert lagt til grunn for dei endringane Stortinget vedtek for dei frie inntektene til kommunane.

Det er rekna på at Kvam herad vil auka sine frie inntekter betydeleg (8,2 mill. kroner) dersom ein legg Sørheim-utvalet sine tilrådingar til grunn. Inntektene vert endå større dersom rammetilskotet aukar endå meir på bekostning av skatteinntektene.

Frå KS har vi fått overlevert ei berekning som viser inntektsendring for enkelte av punkta:

Kvam tener ca. kr. 2,5 mill. på ny inntektsutjamning og fjerning av selskapsskatt.

Kvam tener ca. kr. 5,7 mill. på nytt distriktpolitisk tilskot

Kvam tener ca. kr. 0,5 mill. dersom bruk av nytt folketall pr. 1. juli.